



**PÅ BLÅ GRUNN
FIRE SØLV SILDAR
PÅ SKRÅ OPPOVER**

Våpenet er godkjent
ved kgl. res.
30.11.1984

og er teikna av
John Digernes.
Austevoll har ein vel
utrusta fiskeflåte av
relativt store båtar.
Sildefiske under
kysten, ved Island og
Norskehavet er dei
viktigaste fiskeria
for kommunen.
Kommunen har
brukt silda som
emblem i 30 år.

Akvarell av sjømerke frå Marsteinen,
frå første halvta av 1800-talet.

⚔ AUSTEVOLL

Austevoll er opphavleg namnet på ein gard på Hundvåko (Ø26), namngjeven med bakgrunn i landskapet garden ligg i, aust for Trøland og Mælingen. Marsteinen, av gno. marksteinn «grensestein», markerer kanskje grensa mellom Austevoll-øyane og Korsfjorden. Selbjørn, gno. Salbjørn «bjørnen i salen», etter Magnus Olsen ei omskriving brukt av sjøfolk i staden for eit eldre, bortkome namn på Hund- med tydinga «fangst». Dette ordet har falle saman med dyrenamnet hund, som etter eldre tradisjon ikkje skulle nemnast på sjøen. Eit anna merkeleg namn er Sandtor(v), der sisteleddet er eit gammalt ord som kan tyda «(fangst)utbyte». Same ordet finst i Torvanger. Førsteleddet i Huftarøy synest vera eit gammalt ord for «hoft». Namn som Krosshamn har oftast bakgrunn i at det har vore sett opp krossar til seglmerke og vern; jf. likevel segna om fiskaren og krusifikset under Røldal (Ø400). Korsfjorden er derimot helst namngjeven etter forma på fjorden. Bekkjarvik har namn etter ein bekk som renn ut i vika ved garden.



AUSTEVOLL, denne halvsirkelforma øygruppa ut mot Nord-sjøen, frå Marsteinen og Store Kalsøy i nord til Selbjørn og Stolmen i sør, er ein av Noregs største fiskerikommunar. Også i historisk tid er det fisket som har prega næringsgrunnlaget. Fiskarane i Austevoll kjøpte færingar og seksæringar frå Os og Tysnes; ein klassisk symbiose mellom fjordbygdene og kystbygdene. Austevoll hørte til Sund prestegjeld fram til 1910. Men alt i 1886 vart dei to soknene Austevoll og Møkster skilde ut som eigen kommune. Gardane sør på Selbjørn og Stolmen hørte til Bekkjarvik kapellsokn, som låg i Fitjar kommune fram til 1964.

Før 1867 hørde noverande Austevoll kommune heime i Våg skippreide. Fram til 1848 var heile denne skipreida ein del av Sunnhordland, men då vart soknene Austevoll og Møkster overført til det nye Midhordland sorenskrivardøme.

Det landskapet du møter når du kjem til Austevoll, er prega av eit småkupert bakkelandskap og den kystnære furuskogen på Huftarøy. Lengre ut mot havet er det den djupraude purpurlyngen som



pryder steinrabbane seinsommars. Og på Huftarøy og Selbjørn går villsauen ute året rundt; ein av dei eldste sauerasane i Europa. □

Skjeljaboden fyrlykt på Storekalsøy. Marsteinen (i bakgrunnen) ligg som eit landemerke midt i innseglinga til Korsfjorden – mellomalderens Hardsjo. Ei namnetolking går ut på at det nettopp er seglingsmerke eller landemerke som ligg i ordet stein i slike samanhengar.

